

PROFILHANDBOK



Nordhordland
UNESCO Biosfære



Introduksjon

Nordhordland UNESCO biosfære har utvikla denne handboka for nettverket «Smak av Nordhordland UNESCO biosfære». Her finn du det du treng for å synleggjere for alle at du er ein stolt lokalmatprodusent, heimehøyrande i eit UNESCO biosfæreområde!

Nordhordland UNESCO biosfæreområde skal byggje på det beste frå fortida og leggje til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet – til nytte og glede for folk i dag og for kommande generasjonar.



INNHOLD

Om handboka

DEL 1

Kva er eit biosfæreområde?

6

Kva er Smak av Nordhordland UNESCO biosfære?

10

DEL 2

Bruk av merkevareordninga

Smak av Nordhordland UNESCO biosfære?

20

Om handboka

Mål

Denne handboka er eit verktøy i den vidare utviklinga av ein felles identitet for Nordhordland UNESCO biosfære. Gjennom synleggjering av våre verdiar, visjon og målsetting vil det bli lettare for mangfaldet av aktørar i biosfæreområdet å knyte seg til arbeidet og dra nytte av den internasjonale UNESCO-statusen.

Vi ønskjer at biosfæreområdet skal vere eit kvalitetsstempel for det fantastiske mangfaldet av dyktige lokalmatprodusentar som bidreg i arbeidet for ei berekraftig utvikling i regionen – i tråd med verdiene og målsettinga i biosfæreområdet.

Synleggjering av lokalmatprodukt og bruken av profilen skal gje ein meirverdi for produsentane. Bruk av logoen skal synleggjere den viktige rolla som lokalmatprodusentane har som **verdiskaparar** og kvalitetsberarar for våre lokale produkt.

Innhald

Del 1 av handboka handlar om bakgrunn, visjon, mål og identitet knytt til Nordhordland UNESCO biosfæreområde. Kvifor har vi ein slik status i Nordhordland, og kva oppdrag skal vi løyse? Du finn vidare informasjon om kva som

skal til for at eit produkt kan bruke merket «Smak av Nordhordland UNESCO biosfære», og korleis lokalmatprodusentane kan bidra til å styrke merkevara.

Del 2 er den meir praktiske delen av handboka. Her finn du rettleiaren for korleis logoen skal brukast for å få eit rett og likt uttrykk, og best mogeleg synlegheit.

Handboka vil vere kjekk til bruk for:

- Ei enkel forklaring på kva eit biosfæreområde er, og kva oppdrag vi har
- Å sjå di rolle i biosfæreområdet, og korleis vi alle kan bidra
- Å få ei oversikt over korleis du kan dra nytte av UNESCO-stempelet
- Ei innføring i korleis ein brukar profilmateriale rett i høve til retningslinjene som er sett.





Foto: Ruben Soltvedt / Region Nordhordland.

DEL 1: Kva er eit biosfæreområde?


Eit læringsområde

19. juni 2019 vart Nordhordland utnemnd av UNESCO til eit biosfæreområde. Eit biosfæreområde er eit læringsområde for berekraftig utvikling. Då Nordhordland fekk denne statusen var det ei anerkjening frå UNESCO om at denne regionen har særskilt gode føresetnader for å utvikle regionen for ei berekraftig framtid. Utvikling i samfunn og teknologi har ført til at regionen forvaltar store verdiar i form av vasskraft, petroleum og fisk. Det varierte landskapet er ein ressurs i seg sjølv. Naturen er rik på kontrastar, med kysten som er beskytta av ein breid skjergard, store og små fjordar, og vidare gjennom dal- og skoglandskapet opp til høge fjell.

Oppdrag

Nordhordland UNESCO biosfæreområde tilbyr eit rammeverk for kommunane, næringsliv, lag / organisasjonar og lokalbefolkinga for å arbeide saman for ei heilskapleg berekraftig samfunnsutvikling i regionen, på lag med natur- og kulturarven vår.

Eit biosfæreområde er eit læringsområde for berekraftig utvikling.



Ressursprofil i Nordhordland illustrert av Kjersti Isdal.



Foto: Tina Monslaup.

Korleis gjer vi det?


Ei heilskapleg samfunnsutvikling kan ingen gjere aleine – den jobben må gjerast på lag med kvarandre og vi må arbeide breitt, på mange felt. Vi vil leggje til rette for møteplassar og dialog om framtida, kor kommunane, næringsliv, lag/ organisasjonar og kunnskapsmiljø møtast, diskuterer, lærar og inspirerer.

Satsingsområder

Det er utarbeida ein arbeidsplan - eit strategidokument med fem satsingsområde:

1. Levande lokalsamfunn
2. Natur, miljø og klima
3. Kunnskap og læring
4. Grøn verdiskaping
5. Møteplassar og kommunikasjon

Lokalmatprodusentane har ei viktig rolle i lokalsamfunna og i biosfæreområdet. Lokal mat og mathandverket utgjer ein stor del av vår identitet. Det at ein nytter mest mogeleg lokale råvarer, og at mykje av produksjonen skjer lokalt, støttar opp om berekraftig matproduksjon og biosfæreområdet sine verdiar. Saman skal vi løfte dette fram, inspirere til meir og drive Nordhordland i ei berekraftig retning.



Visjon – forteljinga om Nordhordland

Forteljinga om Nordhordland - kven vi er - det er utgangspunktet for den framtida vi skal forme. Nordhordland er ein liten stad i verda, lik andre stader langs kysten. Framfor oss er det ressursar og mellom oss er kraft til å forandre verda. Til å gje vårt bidrag til draumen om eit samfunn der menneska og naturen er i balanse. Til å forme ei berekraftig framtid.

For å lukkast må alle vere med. Born, unge, vaksne, eldre. Det private og det offentlege. Næringsliv, kommunar, lag og organisasjonar. Næringslivet med sin unike og breie kompetanse er nøkkelen som opnar døra til det blågrøne skiftet: der energi vert hausta og sett i arbeid - på nye måtar. Der liv i hav og havbruk gjev sunn og berekraftig mat, der teknologi tek store sprang for ferdsel på sjø og land, der kunnskap og kompetanse grip moglegheitene som den nye sirkulære økonomien gjev oss. Og mykje, mykje meir.

Fortellinga om Nordhordland er fortellinga om dei som tek vare på framtida. Som skapar eit samfunn der ein hører heime, der ein kan vekse, utvikle seg og saman skape gode fellesskap. Der naturressursar på land og i sjø vert forvalta og foredla godt. Der kunnskap vert hausta og verdiar skapt til gode for folk som lever her i dag og for dei som kjem etter oss.



Kva er Smak av Nordhordland UNESCO biosfære?

Kjenneteikn:

Vi har eit fantastisk mangfold av dyktige lokalmatprodusentar i biosfæreområdet. Næringsa bidrar ikkje berre til tilgang på lokale råvarer og lokal mat, men òg til utvikling av landbruksnæringa, bevaring av naturlandskap og ivaretaking av våre mattradisjonar og matkultur.

Kjenneteikn på produkt som kjem inn under merkevara:

- Minimum 50% av produktet må vere frå Nordhordland (Produksjon og/eller råvarer - Tilsaman må råvare og produksjon komme på 100% eller meir).
- Verksemda er plassert geografisk i biosfæreområdet (Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Osterøy, Modalen, Vaksdal og gamle Øygarden kommune)
- Produksjon og råvarer må vere tufta på berekraftige prinsipp (Dette vert spesifisert i søknadsskjemaet)

Som lokalmatprodusent som nyttar merkevara pliktar du deg til å:

- Sørge for at produkta er innafor krava som er sett i merkevareordninga
- Ha ein berekraftig produksjon
- Ta aktiv del i utviklinga av merkevara Smak av Nordhordland UNESCO biosfære:

(Sjå del 2 i handboka for meir informasjon om døme på bruk av logo.)

Det er du som gjer «Smak av Nordhordland UNESCO biosfære» levande!

Det vil vere avgjerande for alle lokalmatprodusentane at ein brukar den felles profilen aktivt. Jo meir du brukar merkevareordninga til biosfæreområdet, desto meir synleggjer du kvalitetane vi har og bidreg til å styrke merkevara Nordhordland UNESCO biosfære.



Foto: Ruben Soltvedt / Tina Monslaup.

Som matprodusent i Smak av Nordhordland får du:

- Publisitet av verksemda og produkt gjennom våre kanalar og presentasjon på nettsida til Smak av Nordhordland
- Vere ein del av nettverket Smak av Nordhordland med tilgang på ulike nettverkssamlinger og gratis medlemsskap i Matarena (gjeld i 2022)
- Moglegheit til å delta i andre prosjekt og aktuelle ressursgrupper i regi av Nordhordland UNESCO Biosfære.
- Moglegheit til å vinne biosfæreområdet sin berekraftpris.
- Relevant informasjon og nyheter fra biosfæreområdet.
- Tilgang til «Smak av Nordhordland UNESCO biosfære» logo til bruk i marknadsføring (Sjå del 2 i handboka).

#Er du med?

Som lokalmatprodusent er du allereie definert som ein ressurs i biosfæreområdet. Målet vårt for Smak av Nordhordland UNESCO biosfære er å gje meirverdi for deg og verksemda.

Saman skal vi vise at vi har eit breitt spekter av aktivitetar i biosfæreområdet, tufta på verdiane våre om at tiltaka:

- Har ei heilskapleg og berekraftig tilnærming
- Er kunnskapsbaserte og framtidsretta
- Er ekte, lokale og inkluderande



Foto: Tina Monslaup.

DEL 2: Bruk av merkevareordninga


Logo til Nordhordland UNESCO biosfære

Vi er stolte av logoen og den grafiske designen vi har fått på plass. Den vart utvikla saman med designbyrået Haltenbanken, våren 2022.

Dei 4 elementa i logoen symboliserer det som Nordhordland UNESCO biosfære handlar om:

- **Handa** illustrerer menneska, oss som bur her, og som er ein del av biosfæren.
- **Dropen** viser den viktige ressursen vi har i vatnet; livgjevande til alt og ei viktig energikjelde.
- **Bladet** er eit symbol på naturen vår: frå hav til høgfjell har vi eit mangfold av naturtypar, alle typiske for Vestlandet og Norge.
- **Kartreferansen** illustrerer lokalsamfunna - det er her magien skjer; på lag med kvarandre, ressursane og naturen!

For oss er det viktig at biosfæreområdet har ein klår, ryddig og heilsakleg visuell identitet – slik vert kommunikasjonen vår tydeleg og truverdig.



**Nordhordland
UNESCO Biosfære**



Foto: Ruben Soltvedt / Tina Monslaup.

Logo Smak av Nordhordland

UNESCO biosfære :

Logoversjonar:

Det er fire logoversjonar. Dei er utvikla med tanke på ulik bruk og fargekombinasjonar. Alle versionane kan brukast etter behov hjå aktørane.

- Orange versjon med bakgrunnsfarge
- Orange versjon
- Kvit versjon
- Svart versjon

Fargar:

Smak av Nordhordland logoen har 2 fargar i hovudpaletten. Desse skal være berande for den visuelle profilen.

Oransjefargen som er valgt er ein varm og roleg farge, som skal illustrere varmen og kjærleiken som er lagt ned i produksjonen av lokale produkt. Fargen tipper mot brunt, som skal symbolisere det jordnære, som passar godt i høve til arbeidet kring naturressursar i matproduksjon. Oransje symboliserer også energi, optimisme og livsglede, noko som høver seg godt i arbeidet kring mat.



Osterøy Utvikling – Tobby Sander Tomassen



#c78770
CMYK:21,52,56,2
RGB:199,135,112



#f0edeb
CMYK: 5,5,5,0
RGB:240, 237, 235

Logo i bruk

På produkt/emballasje

Her er det tre alternativer:

1. Vi sender logofil digitalt
2. Klistermerke
3. Pose

Sjå dømer på dei neste sidene.

Avstand og plassering:

Vær sikker på at du har nok rom rundt logoen slik at den kjem tydeleg fram. Plassering av logoen må tilpassast din etikett.

Storleik:

For at ein skal kunne sjå kva som står på logoen er det viktig at logoen ikkje vert brukt i mindre storlek enn 15 mm i diameter.

Designet:

Du kan ikkje endre på fargane eller formen i logoen. Logoen skal ikkje utstyrast med skuggar eller andre effektar.



Foto: Svein Telstø Kvamme/Skøssn Gard.

1. Logofil digitalt

Inkludere i allereie eksisterande etikett/emballasje. Sjå døme: Skøssen gard.



«Skøssen Gard ligg i naturstasjonne omgjevnader i Nordhordland, med sjøen i aust og skog og fjell i vest. Ephal her har ein god balanse mellom syre og sotleik, perfekt til eplemost.

Heilt sidan 1794 har Skøssen gard gjennom 7 generasjoner vore i same familiens eige, men dei første epletrea til eplemost blei dyrka på garden i 2019.»

«Av saftige solmodne eple frå Skøssen gard.
Pressa og varsaut pasteurisert»

Best for: _____

Ristast for bruk. Haldbar 5 dagar etter opning.
Oppbevarast kjølig.



Produert av: Skøssen Gard, Festivegen 119, 5912 Stein



2. Klistermerke

Bruke logoen som klistermerke. Her kan du klistre logen på produkt eller emballasje.

Vi tar initiativ til ei felles bestilling ein gong i året, slik at de som medlemmar får kvantumsrabatt hjå leverandør.



3. Pose

Ein kan lage posar med logoen til Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære.

Vi tar initiativ til ei felles bestilling ein gong i året, slik at de som medlemmar får kvantumsrabatt hjå leverandør.



Web

- Aktørane kan bruke ein av dei fire logoversjonane på nettstaden sin. Sjå døme under.
- Vær sikker på at du har nok rom rundt logoen slik at den kjem tydeleg fram.
- Plassering av logo må tilpassast di kommunikasjonsflate. Det er viktig at "Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære" - logoen ikkje står aleine, det må synleggjerast at du er ein del av ei større merkevareordning.
- Link gjerne logoen til Smak av Nordhordland si heimeside:(smakavnordhordland.no)



Døme på plassering av logo på eiga nettside.



Sosiale media

Framsnakking og deling av merkevara i sosiale media, kor det høver seg, vil være svært positivt for å nå fleire og gjøre merkvara kjent.

Vi oppfordrar aktørar som skal bruke merkevara om å bruke emneknaggen #smakav, eller «tagge» Smak av Nordhordland i innlegg, story og reels i sosiale media.

I tillegg kan du nytte deg av emneknaggane (sjå døme):

#smakavnordhordland
#egermed
#nordhordlandbiosfære.

Døme på bruk av emneknagar på sosiale media:



E-post:

Vi oppfordrar aktørarne til å ha logoen til Smak av Nordhordland UNESCO Biosfære i sin e-post signatur (sjå døme).

Med venleg helsing

Hildegunn Opdal

Prosjektleiar | Region Nordhordland IKS

Tlf. +47 48 25 55 30

www.regionnordhordland.no | www.nordhordlandbiosphere.no | www.smakavnordhordland.no



Generell markadsføring og anna marknadsføringsmatriell

Ynskjer du/de å bruke logoen på andre flater ta kontakt med oss for dialog kring det. T.d. Trykk på t-skjorter, annonser m.m.

Kontaktinformasjon:

e-post: hildegunn.opdal@regionnordhordland.no

tlf: 48 25 55 30



